



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3577 - 14/16274

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

02.07.2014

## Oversending av vedtak til klagevurdering - gbnr 234/22 Eide ytre

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankravet og arealføremålet fritidsbustad i kommuneplanen sin arealdel for riving av ekisterande fritidsbustad og oppføring av to heilårsbustadar med garasje.

Eigedomen er omfatta av kommuneplanen for Lindås kommune vedtatt 22.09.2011.

Omsøkte tiltak er strid med arealdelen til kommuneplanen der arealet er avsett til område for fritidsbustad. Det er vidare sett krav om reguleringsplan for dette område, jf. punkt 1.1 i føresegnene til kommuneplanen.

### Politisk handsaming

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 18.06.2014, der følgjande vedtak vart fatta:

#### **PM - vedtak:**

*Plan og miljøutvalet gjev dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og plankravet. Med heimel i §19-2.*

*Grunngjeving: Eigdommen ligg i område med heilårsbustader eller gamle einebustader som blir brukt som fritidsbustad. Omsøkt tiltak ligg i område som trenger nyetablering jmf. kommuneplan samfunnsdel.*

*Fordelen ved å gje dispensasjon er såleis vesentleg større enn ulempene.*

Saksframlegg med vedtak er lagt ved.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Siril Therese Sylta på e-post [siril.sylta@lindas.kommune.no](mailto:siril.sylta@lindas.kommune.no) eller på telefon 56 37 51 62.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Avslag på søknad om dispensasjon - gbnr 234/22 Eide ytre  
10.002 Basiskart takplan (L)(48479)  
10.003 Situasjonsplan og snitt (L)(48483)  
20.001 Plan 1 (L)(48487)  
20.002 Plan 2 (L)(48491)  
80.02 Illustasjonser søknad om dispensasjon (L)(48495)  
FØLGEBREV (L)(48473)  
Søknad om dispensasjon gbnr 23422 Eide ytre (L)(48467)

**Kopi til:**

Lund & partnere arkitekter AS	Bryggen 13	5003	BERGEN
Svein Veland	Godalstunet 17 F	4015	STAVANGER

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
--------------------------	---------------	------	--------